

Til

Dato den. 12.09.14

**Norges Vassdrags- og Energidirektorat.
Postboks 5091 Majorstuen.
0301 Oslo.**

Høyringsuttale / innspel til konsesjonssøknad om utbygging av Jølstra.

Massedeponi grustak Kvammen 49/1, 49/2 og 49/3.

Det eksisterande masseuttaket i Kvammen er i NGU sin database vurdert til å være svært viktig. Masseuttaket nærmast inntak/elva på gardsbruk nr. 49/2 er i dag delvis rydda og planert og dekket med jord og nytta til grasproduksjon, men en del er fortsatt i drift. Det to andre masseuttaka på gardsbruka nr. 49/1 og 49/3 er framleis i drift.

Attverande masser er pr. i dag stipulert til ca. 200.000 m³.

Nordkraft har avtale med grunneigarane om disponering av massetaket ved uttak av tunnelmasser. Sunnfjord Energi søker tillatelse til ekspropriasjon av rett til å plassere tunnelmasser her, og til å bruke vegen, samla arealbehov estimert til ca 70 da.

For dei som eig og driv masseuttaket er dei attverande massane av stor verdi. Det synets som misbruk av ressursar å dekke til masseuttaket med tunnelmasser og revegetere området. På en fornuftig måte må det kunne gå og utnytte både eksisterande masser og tunnelmasser sidan det er bruk for desse lokalt.

Grunneigarane/entreprenøren er opne for å overta tunnelmassen og bistå med tilrettelegging av deponiområde, samt drøfte bruk av vegen.

Det synest unødig å ekspropriere 70 da. I området og grunneigarane motset seg dette. Dersom det vært gjeve ekspropriering krev ein innløyasing av resterande masser og erstatning av veg , samt dekking av kostnader til juridisk og anna nødvendig bistand etter oreigningslova §15.

Nordkraft og grunneigarane har ei grei avtale ang. massetak/massedeponi og ein ber om at konsesjon for utbygging i Jølstra blir gjeve til Nordkraft.

Mvh.

Kjell Kvammen. 49/1

Oddvar Kvammen. 49/2

Audun Kjeilen. 49/3